

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Telefonmøte
Dato: 07.11.2012
Tidspunkt: 11:00 – 12:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leiar	Lom
Ivar Kvalen	Nestleiar	Luster
Vidar Eltun	Medlem	Vang
Arild Ingar Lægreid	Medlem	Årdal
Jørund Ødegaard Lunde	Medlem	Oppland fylkeskommune
Frida Melvær	Medlem	Sogn og Fjordane f.k.

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Iselin Jonassen	Medlem	Vågå

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
-		

Merknader

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Mai Bakken Frida Melvær Vidar Eltun

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 42/2012	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 43/2012	Referatsaker		
RS	Oppfølging av skjøtselsplanen på Gjendebu - rapport Miljøfaglig utredning		2012/6918
RS	Rapport - Bessegløpet 2012		2010/2251
RS	Søknad om bidrag til nytt amfi ved Gjendesheim - tilbakemelding frå DNT		2012/4353
ST 44/2012	Re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som nasjonalparksenter		2012/193
ST 45/2012	Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark		2008/6348
ST 46/2012	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2013 - opplegg for bestillingsdialogmøte		2012/7019

ST 42/2012 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.11.2012

Vedtak

Protokoll frå førre møtet godkjent.

Ingen merknader til sakliste og innkalling.

Mai Bakken, Frida Melvær og Vidar Eltun vart valde til å skrive under protokollen.

ST 43/2012 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.11.2012

Vedtak

Referatsakene blir tekne til orientering

Oppfølging av skjøtelsesplanen på Gjendebu - rapport Miljøfaglig utredning 2012/6918

Rapport - Bessegløpet 2012 **2010/2251**

Søknad om bidrag til nytt amfi ved Gjendesheim - tilbakemelding frå DNT 2012/4353

ST 44/2012 Re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som nasjonalparksenter

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.11.2012

Mai Bakken stilte spørsmål ved sin habilitet, og Ivar Kvalen tok over som møteleiar.

Vedtak om habilitet: Styret kan ikkje sjå at autorisasjonen verkar inn på arbeidssituasjon og tilsettingsforhold, og kjenner Bakken habil til å delta i behandlinga.

Mai Bakken orienterte om planlagt oppgradering ved Nasjonalparksenteret.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen støttar re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som informasjonssenter for Jotunheimen nasjonalpark.
Styret stiller seg positivt til planar om oppgradering av forvaltningsknutepunktet.

Samrøystes som innstillinga.

ST 45/2012 Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.11.2012

Tilsynsutvala i Luster og Vågå har behandla besøksstrategien og kome med sine uttaler. Desse vart ettersende ved e-post 06.11.12 til alle i styret.

Vågå Tilsynsutval sluttar seg til innhaldet i strategien, og er positive til tilrettelegging av oppleving med utgangspunkt Gjendesheim jf. forslaget i saksinnstillinga pkt. 6: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå har følgjande merknader til utkast til besøksstrategi for 2013-2017:

- *Tilsynsutvalet tykkjer generelt det er fornuftig med ein plan/strategi med forslag til ulike tilretteleggingstiltak for besøkjande, og støttar i hovudsak dei tiltaka som blir foreslått. Ein plan/strategi er sikkert også viktig for å kunne finansiere mange av tiltaka.*
- *Tilsynsutvalet er einig i forslaget om ekstra tilrettelegging av enkelte hovudinnfallsportar, og at området Gjendeosen/Gjendesheim er ein av desse.*
- *Tilrettelegging av ein nasjonalparkstig med informasjon undervegs og med utgangspunkt frå Gjendeosen/Gjendesheim kan gjerne skje langs med Gjende til Hamnsanden. Dette er ein mykje brukt stig der mesteparten av traseen ligg i sjølve nasjonalparken, og med mange interessante og relevante tema for brukarinformasjon. Utanom nasjonalparken i dette området meiner tilsynsutvalet at "rundløypa" mellom Reinsvangen og Gjendesheim/Gjendeosen må vera aktuell til ein "timestur"-opplegg.*
- *Tilsynsutvalet er noko usikker på om ein høg og ruvande nasjonalparkmarkør vil "passe inn" ved enkelte nasjonalparkgrenser, som for eksempel langs med Gjende. Uansett må slike markørar og anna skilting blir samordna nasjonalt.»*

Luster Tilsynsutval peikar på behovet for informasjon ved innfallsportane, og spelar inn ønske om eit informasjonspunkt ved Fjordstova. Dei skriv m.a. følgjande: «Det er viktig at Norsk Fjellmuseum på Lom har det overordna faglege styringa og saman med nasjonalparkstyre og tilsynsutvala lagar ein overordna plan for informasjonspunkt i randsona rundt heile verneområdet. Ulike informasjonspunkt har ulike behov frå einskilde plakatar til utstillingar. Eit forprosjekt som kartlegg og systematiserer behov i randsona må forankrast i besøksstrategien og gjennomførast så raskt som råd.»

Merknad frå saksbehandlar: Dette bør avklarast i forprosjekt, der ein og ser samanhengar med informasjon om dei andre parkane i nærleiken.

Vidare peikar Luster tilsynsutval på Punkt 10.2 om god dialog med arrangørane av dei store arrangementa i dette området for å sikra at det vert teke omsyn til villrein, og foreslår eit nytt avsnitt som omhandlar tilrettelegging og inngrep: «Det må ikkje koma ny- eller utviding av eksisterande tilrettelegging i den del av verneområdet som omfattar Vest-Jotunheimen villreinområde utan at Villreinemnda, som forvaltningsorgan for villrein, får uttala seg. Det same gjeld også for nye inngrep. Spesielt må det takast hensyn til trekkveger og beiteplassar.»

Merknad frå saksbehandlar: Dette avsnittet blir foreslått teke inn i kap. 10.2.

Til punkt 11.1.3 *Idrettsarrangement i verneområdet* peikar utvalet på at High Camp er av slik omfang at arrangementet bør vera søknadspliktig på lik linje med andre arrangement i verneområdet, og meiner at dette må rettast opp i Besøksstrategien.

Merknad frå saksbehandlar: Dette er eit forhold som må avklarast i forvaltningsplanen. Med forslag til nytt avsnitt i pkt. 10.2 er behovet for tilpassing til villreininteressene tilfredsstillande ivareteke.

Jørand Ødegård Lunde foreslår at pkt. 6 blir supplert med eit tillegg om samarbeid med regionale myndigheiter og andre eksterne finansieringskjelder. Styret sluttar seg til dette.

Vedtak

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderer besøksstrategien som eit godt gjennomarbeidd dokument, og godkjenner denne med nokre justeringar som følgjer av innspel i høyringsrunden – jf. saksbehandlar sine merknader til innkomne uttaler – og tilleggspunkt til handlingsplanen i kap. 12.2.
2. Styret og sluttar seg til tilrådingane i det utarbeidde forslaget til besøksstrategi, og vil særleg framheve det som står i følgjande kapittel:
 - 9.3 – *Prinsipper for framtidig informasjonsarbeid i Jotunheimen*
 - 10 – *Tiltak for å ta vare på naturverdiene*
3. Nasjonalparkstyret meiner at det overordna ansvaret for informasjon må liggje til dei som forvaltningsstyresmakt, og vil i sitt arbeid leggje vekt på tett samarbeid og god rolleavklaring i høve til andre aktørar som driv informasjon – i første rekkje informasjonssentra og Statens Naturoppsyn. God dialog med fjellstyra, reiselivsnæringa og andre brukarar av parken vil og vera viktig for å ivareta ulike interesser i samband med den vidare utviklinga av informasjonsopplegget.
4. For sikring av verneverdiar og berekraftig bruk av verneområda må driftsbudsjettet sikre at ein har resursar til nødvendig overvaking av villreinen og til tiltak for erosjonssikring og reparasjon av stignettet. Dei mest utsette rutene krev årleg oppfølging, og kap. 12.1 blir oppdatert i forhold til registrerte behov.
5. Nasjonalparkstyret sluttar seg til pkt. 12.2 i forslaget til handlingsplan, med følgjande tillegg:
 - Fornyng og eventuell utviding av utstillingar og naturretteiltak koordinert og/eller sett i verk via Nasjonalparksenteret for Jotunheimen nasjonalpark.
6. Følgjande tiltak blir prioritert for gjennomføring i 2013 via bestillingsdialogen:
 - Timesopplevingar, naturstig/informasjon Gjendesheim og Utladalen 400.000,-
 - Dagsopplevingar, forarbeid i regi av forvaltarane i samarbeid med andre aktørar
 - Planlegging for tilrettelegging av rasteplassar ved innfallsportane 70.000,-
 - Standardisering av informasjonstavler og plakatar frå forvaltninga 200.000,-

Det bør vurderast korleis tiltaka kan styrkast gjennom samarbeid med øvrige aktørar; m.a. fylkeskommunane og andre eksterne finansieringskjelder.

7. Nytt avsnitt som omhandlar tilrettelegging og inngrep blir lagt til under punkt 10.2: *«Det må ikkje koma ny- eller utviding av eksisterande tilrettelegging i den del av verneområdet som omfattar Vest-Jotunheimen villreinområde utan at Villreinemnda, som forvaltningsorgan for villrein, får uttala seg. Det same gjeld også for nye inngrep. Spesielt må det takast hensyn til trekkveger og beiteplassar.»*

ST 46/2012 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2013 - opplegg for bestillingsdialogmøte

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.11.2012

Om bakgrunnsdokument for bestillingsdialogen:

- Behandling av besøksstrategien gjev føringar for ein del tiltak.
- Notat etter møte 15.10.12 er innspel til øvrige tiltak.
- I tillegg kom søknad om midlar til forprosjekt om informasjonsopplegg frå Norsk Fjellmuseum (ettersendt). Til forprosjektet kan det også vera aktuelt å nytte eventuelle disponible ressursar av dei frie tiltaksmidlane i 2012.

Vedtak

I tillegg til nasjonalparkforvaltarane deltek styret med følgjande representant(ar) i bestillingsdialogmøte for 2013:

Arbeidsutvalet v/ Mai Bakken, Ivar Kvalen og Iselin Jonassen

Underlagsdokument for dialogen blir følgjande:

- Nasjonalparkstyret si behandling av besøksstrategien, sak 45/2012
Merknad: timesoppleving ved Turtagrø vert nærare planlagt i 2013
- Vidareføring av skjøtsel ved Gjendebru og Utladalen, jf notat frå møte 15.10.12

- Stigprosjekt

Gjendetunga Skogadalsbøen – Vetle Utladalen Fleskedøla – Vettismorki – Morkaskaret Vintervegen på Fannaråken	200 000,-
Vedlikehald	100 000,-

- Andre tiltak

Naturvegledning	Viktig for oppfølging av besøksstrategien. 2012 viser kor sårbart opplegget er når ein berre har to tilsette og ein t.d. vert sjuk. Ønskjer 3 tilsette. Mange innfallsportar.	350 000,-
Ekstra villreinovervaking	i samband med arrangement rundt Turtagrø om våren	10 000,-
Rovfuglkartlegging	Vidareføring av kartlegginga i 2012. Treårig prosjekt?	60 000,-
Nasjonalpark-festivalen	Årleg arrangement i Utladalen som spelar på dei gode opplevingane og flotte resursane i verneområdet	20 000,-
Informasjon ved Utladalen naturhus	Informasjonssenter ved inngangen til Utladalen. Vert samkøyrd med skjøtelsarbeid.	70 000,-

- Innspel forprosjekt Informasjonsopplegg 2013.